

# VESTNES KOMMUNE



## Delegeringsreglement 2025 – 2028

## Innhold

1.	Innleiing .....	3
2.	Reglar og prinsipp for utøving av delegert mynde.....	4
3.	Delegering av mynde i Vestnes kommune.....	5
4.	Kommunestyret .....	6
5.	Formannskapet .....	9
6.	Kontrollutvalet.....	10
7.	Ordførar.....	11
8.	Planutvalet .....	12
9.	Valstyre .....	13
10.	Ad hoc utval .....	14
11.	Eldreråd .....	14
12.	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne.....	15
13.	Ungdomsråd .....	16
14.	Sakkunnig nemnd og sakkunnig ankenemnd .....	17
15.	Næringsfondsutval.....	17
16.	Administrasjonsutvalet .....	18
17.	Kommunedirektøren.....	19

# 1. Innleiing

Kommunestyret er det øvste styrande organ med overordna ansvar for den samla verksemda i kommunen, jf. kommuneloven § 5-3. Kommunestyret treff vedtak på vegne av kommunen dersom ikkje anna følger av lov. Dette gjer at kompetanse/mynde som ikkje ligg til kommunestyret sjølv må vere delegert til andre gjennom eit delegeringsreglement, jf. kommunelova §§ 5-13 og 5-14.

Kommunestyret kan delegere mynde til å treffe vedtak til:

1. Etter kommunelova § 5-3 kan kommunestyret delegere mynde til andre folkevalde organ, ordføraren eller **kommunedirektøren** innan rammene av kommunelova eller anna lov.
2. Etter kommunelova § 5-4 kan kommunestyret også delegere mynde til andre rettssubjekt for lovpålagte oppgåver som ikkje er av prinsipiell karakter.

## Kva er delegert mynde?

Delegering er overføring av fullmakt/mynde frå eitt organ til eit anna. Det betyr at den ein delegerer til, kan treffe avgjerder/gjere vedtak på vegne av det delegerande organ, og med same rettsverknader som om avgjerdene var teken av det delegerande organ.

## Kva kan delegerast?

Kommunelova og ein del særlover har ei "delegeringssperre", dvs ei sperre for einskilde avgjerder som **ikkje** kan delegerast frå kommunestyret. Elles er det opptil det einskilde kommunestyre kva saker/avgjerder som skal delegerast. Kommunelova skil også mellom prinsipielle og ikkje prinsipielle saker. Når det gjeld delegering til ordførar og **kommunedirektør**, er det berre saker av ikkje prinsipiell karakter som kan delegerast.

## Kva skal rekna for ei prinsipiell sak/avgjerd?

Ei sak vert oppfatta som ikkje prinsipiell når det ligg føre lover, forskrifter og andre retningslinjer for korleis ho skal behandlast, og/eller ein har praksis for behandling av tilsvarande saker.

Ei prinsipiell sak er ei sak som kan skape presedens, ei sak som er av politisk karakter, ei sak som krev ei brei skjønnsmessig vurdering, eller ei sak som medfører vesentlege overskridningar av budsjetttrammene som er sett av kommunestyret.

## Hastesaker

Kommunestyret kan delegere avgjerdsmynande i saker som skulle vore avgjort av anna organ til formannskap, ordførar, eller eit utval etter §5-7 når det er nødvendig at vedtak blir fatta så raskt at det ikkje er tid til å innkalle dette, jf. kommuneloven § 11-8. Etter same paragraf kan leiaren av eit

folkevalt organ behandle ei sak skriftleg eller i hastefjernmøte dersom det er påkrevd å få avgjort ei sak før neste møte. Melding om vedtak fatta i medhald av denne paragrafen skal leggast fram i det neste møtet i det organet som skulle ha avgjort saka.

### Omgjering og klage

Etter forvaltningslova § 35 kan eit vert organ som har fatta eit vedtak på eige initiativ gjere om vedtaket. Kommunestyret kan etter eige initiativ gjere om på alle eigne vedtak, alle vedtak fatta av andre folkevalde organ eller administrasjonen, i dei høve dei etter lov kunna gjort om vedtaket sjølv jf. kommuneloven § 22-1 tredje ledd.

For enkeltvedtak gjeld reglane etter forvaltningslova. I dei høve vedtaket er gjort etter særlov skal også lovgjevinga i særlov følgjast.

### Delegeringsreglement

Kommuneloven § 5-13 fastset at kommunen skal ha eit delegeringsreglement. Føremålet med delegeringsreglementet er å gjere heile kommuneorganisasjonen og avgjerdsprosessane så effektive som mogeleg. Det skal sikre ei tydeleg mynde- og ansvarsavklaring mellom ulike politiske organ og mellom dei politisk organa og **kommunedirektør**, og det skal sikre rettstryggleiken. Av reglementet skal det også tydeleg gå fram kva organ som har innstillingemynde.

Delegeringsreglementet skal reviderast minst éin gong i valperioden, og seinast innan utgangen av året etter konstituering av nytt kommunestyre.


## 2. Reglar og prinsipp for utøving av delegert mynde

- 2.1 Delegert mynde skal utøvast i samsvar med sakshandsamingsreglar som føljer av lov, forskrift og god forvaltingsskikk
- 2.2 Delegert mynde skal utøvast i samsvar med lover og forskrifter, samt retningslinjer gjevne av kommunestyret eller det delegerande organ, her under kjem vedteke økonomi-, gjelds-, og finansreglement, og dei økonomiske rammene som er vedtekne for verksemda. **Samt planar, reglement og andre retningslinjer vedtatt av kommunestyret.**
- 2.3 Delegert mynde til folkevalde organ kan delegerast vidare til underutval med mindre kommunestyret har bestemt noko anna.
- 2.4 Delegert mynde frå folkevalde organ til administrasjonen går til **kommunedirektøren** – jfr. kommuneloven § 13-1 med mindre noko anna er heimla i særlov. **Kommunedirektøren** kan delegere vidare til andre tilsette med mindre lov, forskrift eller kommunalt delegeringsvedtak er til hinder for det.
- 2.5 Delegering i økonomisaker skal skje i samsvar med Vestnes kommune sitt vedtekne økonomi-gjelds- og finansreglement.

- 2.6 Det delegerande/overordna organet kan når som helst krevje å få lagt fram for seg til avgjerd ei sak som eit underordna organ og/eller **kommunedirektøren** har til behandling i medhald av delegert mynde. Tilsvarande rett har **kommunedirektøren** i saker han/ho har delegert vidare til andre i administrasjonen.
- 2.7 Det delegerande/overordna organ kan av eige tiltak gjere om eit vedtak gjort av eit underordna organ/**kommunedirektøren** etter delegert mynde når vilkåra for dette er oppfylte etter forvaltningslova § 35, uavhengig av om dette dreier seg om enkeltvedtak etter forvaltningslova eller ikkje. Tilsvarande rett har **kommunedirektøren** i høve til vedtak som er gjort etter vidaredelegeret mynde til andre i administrasjonen.
- 2.8 Overordna organ kan til ei kvar tid endre eller trekke attende delegert mynde.

### **3. Delegering av mynde i Vestnes kommune**

Delegering med utgangspunkt i politisk organisering vedteke i Vestnes kommunestyre den 26.mars 2015.



#### **Andre nemnder, råd og utval:**

- Eldreråd
- Næringsfondsutval

- Sakkunnig nemnd
- Sakkunnig ankenemnd
- Råd for funksjonshemma
- Ad hoc utval
- Ungdomsråd

#### **Delegering av mynde til alle organ vil bli i det følgjande bli omhandla på følgjande måte:**

- Heimel, funksjon og oppgåver
- Innstillingsrett eller rådgjevande funksjon
- Delegert mynde

#### **Delegering av motteke mynde:**

- Delegert mynde frå kommunestyret til andre folkevalde organ eller kommunedirektør kan delegerast vidare med mindre annet føljer av dette reglementet.
- Mynde som delegerast vidare frå folkevalde organ eller kommunedirektør skal skriftleggjera

## **4. Kommunestyret**

### **4.1 Heimel, funksjon og oppgåver**

Kommunestyret er Vestnes kommune sitt øvste styringsorgan og gjer vedtak på vegne av kommunen jf. kommunelova §§ 5-3 og 5-4. Kommunestyret utøver all mynde om ikke kommunestyret sjølv har tillagt andre organ å utøve mynde på sine vegne i delegeringsvedtak eller det er lovbestemt. Utøving av kommunen sitt mynde skjer på kommunestyrets vegne og under kommunestyrets ansvar.

Som kommunens øvste folkevalde organ skal kommunestyret fortrinnsvis behandle sakar der det er naudsynt med ein grundig og brei politisk behandling. Desse avgjerslene kjenneteiknast med at konsekvensane er store, langsiktige og/eller irreversible. Avgjerd som kan gi rekkeføljekonsekvensar, skape presedens, eller der det kan vere behov for å setje prinsipielle føringar for sakhandsaming vidare.

Kommunestyret skal sjølve sluttbehandle alle saker som er tillagt kommunestyret ved lov. Samt alle overordna planar som styrer kommunens verksemد.

Mynde utover punkt 5 i delegeringsreglementet er delegert frå kommunestyret til folkevalde organ, ordførar og kommunedirektør i hendhold til dette reglementet.

Vedtak som er sluttbehandla av kommunestyret er bindande for alle underliggjande organ. Det er KUN kommunestyret som kan sluttbehandle sakar som får konsekvensar som går ut over ramane til allereie vedteke handlingsplanar, økonomiplanar eller andre planar vedtatt av kommunestyret.

#### **Hovudoppgåver etter kommunelova:**

- ❖ Etter kommuneloven § 14-2 skal kommunestyret sjølv vedta:
  - økonomiplan og årsbudsjett
  - årsrekneskap og årsberetning
  - finansielle måltal for utviklinga av kommunens økonomi
  - reglar for økonomiforvaltning (økonomireglementet)
  - reglar for finans- og gjeldsforvaltning (finansreglementet)
- ❖ Kommunestyret har det overordna arbeidsgjevaransvaret i kommunen.  
Kommunestyret skal sjølv tilsette ein **kommunedirektør**, jf. kommuneloven § 13-1.
- ❖ Etter kommuneloven § 5-15 vedtek kommunestyret at KS får fullmakt til å inngå og seie opp tariffavtalar, samt å gi eller motta kollektiv arbeidsoppseing på vegne av Vestnes kommune.
- ❖ Kommunestyret skal sjølv vedta Eigarskapsmelding, jf kommuneloven § 26-1
- ❖ Kommunestyret skal etter kommuneloven §5-4 sjølv delegere mynde til andre rettssubjekt
- ❖ Kommunestyret skal sjølv avgjere politisk organisering, storleiken på kommunestyret, opprette utval for kommunale formål, opprette lovpålagte råd, velje ordførar, vedta kommunevåpen, vedta delegeringsreglement, reglement for saksbehandling i folkevalde organ, samt reglement for godtgjersle og pensjon til folkevalde.
- ❖ Kommunestyret skal sjølv velje revisjonsordning og sekretariatsbistand til kontrollutvalet, jf. kommuneloven kap. 23 og 24

- ❖ Kommunestyret skal sjølv ta stilling til innbyggarforslag/innbyggarinitiativ, jf. kommuneloven § 12-1.
- ❖ Kommunestyret skal sjølv avgjere om det skal haldast rådgjevande lokale folkerøystingar, jf. kommuneloven § 12-2.

#### Andre overordna oppgåver:

- ❖ Opprettig av nye tenester og vesentlege endringar av eksisterande tenester.
- ❖ Hovudlinene i den kommunale organiseringa.
- ❖ Fastsetting av alle kommunale avgifter og betalingssatsar.
- ❖ Prinsipielle vedtak om sal, kjøp, makeskifte eller pantsetjing av fast eigedom.
- ❖ Langsiktige avtalar av prinsipiell karakter.

#### Delegeringssperre i særlover:

I særlover der kommunane har ansvar og mynde står det som oftast i lovteksten referert anten til "**kommunen**" eller til "**"kommunestyret sjølv"**". I det førstnemnde høvet kan kommunestyret avgjere at ansvar og mynde skal delegerast. I det sistnemnde høve må kommunestyret sjølv gjere vedtak. Det føreligg då ei såkalla "delegeringssperre".

Lovverket pålegg såleis kommunestyret sjølv å gjere vedtak på vegne av kommunen i ei rekke saker.

Kvar einskild lov tydeleggjer dette, og oversikta over særlover blir for omfattande å ha med i delegeringsreglementet.

Delegeringsreglementet avklarar likevel **nokre** tilfelle.

#### Plan- og bygningslova

Plan- og bygningslova har følgjande delegeringssperrer:

#### Kommunestyret må sjølv vedta:

- ❖ kommunal planstrategi
- ❖ fastsette planprogram for kommuneplan
- ❖ kommuneplanen (samfunnsdel og arealdel)
- ❖ kommuneplanen sin rullerande handlingsdel
- ❖ kommunedelplanar (for område, temaer eller verksemder)
- ❖ reguleringsplanar
- ❖ ekspropriasjon
- ❖ forutsetning for bruk av utbyggingsavtalar
- ❖ særskilt ordning for å ivareta barn og unge sine interesser i planlegging etter PBA

## **Alkohollova:**

Alkoholpolitisk plan for Vestnes kommune avklarer delegert mynde i sals- og skjenkesaker etter Alkohollova.

# **5. Formannskapet**

## **5.1 Heimel, funksjon og oppgåver**

Kommunestyret kan gi formannskapet avgjerdsmynde i alle saker der ikke anna følgjer av lov, jf. kommuneloven § 5-6

Hovedvekt på følgjande oppgåver:

- ❖ Utarbeide framlegg til årsbudsjett og økonomiplan/kommuneplanen sin handlingsdel.
- ❖ Behandle alle økonomisaker, inkl. alle gebyrregulativ og andre betalingssatsar, og gi innstilling til kommunestyret.
- ❖ Vere styringsgruppe ved utarbeiding av planstrategi, planprogram og kommuneplanen sin samfunnssdel.
- ❖ Syte for at innbyggjarane vert inviterte til medverknadsprosessar i arbeidet med kommuneplan.
- ❖ Behandle alle saker som i dette delegeringsreglementet ikke er lagt til anna organ.
- ❖ Innstille til kommunestyret i prinsipielle næringssaker.
- ❖ Gi uttale i høyringssaker på vegne av kommunen.
- ❖ Godkjenne rammer og føringar i dei årlege lønsforhandlingane.
- ❖ Kommunen sitt faste klageorgan der det ikke er ekstern klageinstans (t.d. **Statsforvaltaren**).

## **5.2 Innstillingsrett**

Formannskapet har innstillingsrett i alle saker som skal behandlast av kommunestyret med følgjande unntak:

- ❖ Saker som blir sendt til kommunestyret frå planutval og kontrollutval.
- ❖ Saker som blir sendt til kommunestyret frå ad hoc utval dersom dette er fastslått i mandatet frå kommunestyret.

### **5.3 Delegert mynde**

- ❖ Gjere vedtak i hastesaker etter kommuneloven § 11-8.  
Myndet gjeld hastemøte, fjernmøte og skriftlege møte slik det går fram av § 11-8.
- ❖ Vere fagorgan i forvaltingssaker innan alle sektorar med unntak av saker som fell inn under planutvalet og valstyret sitt fagområde.
- ❖ Gjere vedtak i forvaltingssaker som er prinsipielle og der mynde ikkje ligg til kommunestyret.
- ❖ Mynde etter Alkohollova går fram av Alkoholpolitisk plan for Vestnes kommune.

## **6. Kontrollutvalet**

### **6.1 Heimel, funksjon og oppgåver**

#### **§ 23-2. Kontrollutvalgets ansvar og myndighet**

*Kontrollutvalget skal påse at*

- ❖ *communens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte*
- ❖ *det føres kontroll med at den økonomiske forvaltningen foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak*
- ❖ *det utføres forvaltningsrevisjon av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet, og av selskaper kommunen eller fylkeskommunen har eierinteresser i*
- ❖ *det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser i selskaper mv. (eierskapskontroll)*
- ❖ *vedtak som kommunestyret eller fylkestinget treffer ved behandlingen av revisjonsrapporter, blir fulgt opp.*

### **6.2 Innstillingsrett/rådgjevande funksjon**

- ❖ Kontrollutvalet innstiller til kommunestyret innan sitt ansvarsområde.
- ❖ Leiaren i kontrollutvalet har møte- og talerett i kommunestyret når saker frå utvalet blir behandla.
- ❖ Kontrollutvalet kan krevje at kommunen legg fram ei kvar opplysning, redegjørelse eller dokument som utvalet finn nødvendig for å utføre oppgåvene sine.
- ❖ Kontrollutvalet har rett til å være til stades i lukka møte i folkevalde organ i kommunen. Kommunestyret kan sjølv bestemme at denne retten ikkje gjeld lukka møte i kommunestyret.

### **6.3 Delegert mynde**

- ❖ Kontrollutvalet arbeider på oppdrag frå kommunestyret som kan oppmode eller påleggje kontrollutvalet å greie ut konkrete saker på eigne vegne.
- ❖ Kontrollutvalet kan føreta dei undersøkingar som det finn nødvendig for å ivareta si kontrolloppgåve på vegne av kommunestyret.

Mynde som er gitt kontrollutvalet etter dette reglementet kan ikkje vidaredelegerast.

## **7. Ordførar**

### **7.1 Heimel, funksjon og oppgåver**

Heimel i kommuneloven § 6-1

- ❖ Ordføraren er Vestnes kommune sin juridiske representant.
- ❖ Ordførar leiar møta i kommunestyret og formannskapet.
- ❖ Ordførar er kommunen sin representant i styre, representantskap, styringsgrupper, interkommunale samarbeidsorgan eller liknande der kommunestyret ikkje har gitt dette myndet til andre. Ordførar kan delegere denne oppgåva til varaordfører, andre folkevalde eller **kommunedirektør**.
- ❖ Ordførar har mynde til å krevje offentleg påtale.
- ❖ Ordførar leiar kommunen sitt beredskapsarbeid saman med **kommunedirektør** slik det går fram av Vestnes kommune sin «Overordna beredskapsplan» og «Plan for kriseleiing».
- ❖ Ordførar leiar eit grunnforhandlingsutval der **kommunedirektør** deltek med tilsette som har særskild kompetanse på området.

### **7.2 Innstillingsrett/rådgjevande funksjon**

- ❖ Set opp saksliste og avgjer kva saker som skal settast på dagsorden i formannskap og kommunestyre.
- ❖ Ordføraren har møte-, tale- og forslagsrett i alle kommunale folkevalde organ. I kontrollutvalet har ordføraren likevel berre møte- og talerett. Ordføraren har berre stemmerett i organ der han/ho er vald medlem.
- ❖ Ordføraren kan la eit anna medlem av kommunestyret representere seg i dei organa som han/ho ikkje er medlem av.

### **7.3 Delegert mynde**

- ❖ Kommunestyret kan gi ordførar mynde til å treffe vedtak i enkeltsaker eller i typer av saker som ikkje er av prinsipiell karakter.

- ❖ Ordførar signerer avtalar på vegne av kommunen der mynde ikkje er lagt til andre.
- ❖ Ordførar kan gjere disposisjonar innan ansvar 1001, politiske styringsorgan.
- ❖ Ordførar har delegert mynde til å avklare om ei sak skal vurderast som prinsipiell og dermed behandlast av eit politisk organ. I tvilstilfelle avklarer han/ho dette med formannskapet.
- ❖ Ordførar tilviser utbetalingar til **kommunedirektør**.
- ❖ Ordførar har tilvisingsmynde der **kommunedirektør** er inhabil

Mynde som er gitt ordførar etter dette reglementet kan ikkje vidaredelegerast.

## 8. Planutvalet

### 8.1 Heimel, funksjon og oppgåver

Heimel i kommuneloven § 5-7:

Kommunestyret kan gi faste utval avgjerdsmynne i alle saker der ikkje anna følgjer av lov.

#### Funksjon og oppgåver:

- ❖ Samordne Vestnes kommune si overordna arealplanlegging.
- ❖ Fungere som styringsgruppe med ansvar for utarbeiding av kommuneplanen sin arealdel.
- ❖ Syte for at innbyggjarane vert inviterte til medverknad i større saker innan sitt fagområde.
- ❖ Høyringsinstans ved utarbeiding av planstrategi, planprogram og kommuneplanen sin samfunnsdel der formannskap er styringsgruppe.
- ❖ Behandle og ta avgjerd i saker etter plan- og bygningslova som ikkje er lagt til anna organ (kommunestyre eller **kommunedirektør**)
- ❖ Behandle og ta avgjerd i saker etter jordlova, skogbrukslova, forpaktingslova, motorferdsellova, viltlova, friluftslova, naturmangfaldlova, naturskadelova, konsesjonslova, matrikkellova, forureiningslova, veglova, samt brann- og eksplosjonsvernlova der mynde ikkje er lagt til kommunestyre eller **kommunedirektør** etter dette delegeringsreglementet.

### 8.2 Innstillingsrett

Innstiller til kommunestyret i alle saker innanfor sitt saksområde der kommunestyret ikkje har delegert sitt avgjerdsmynne.

### 8.3 Delegert mynde

- ❖ Planutvalet har delegert det mynde som etter plan- og bygningslova er tillagt kommunen, med unntak av mynde som må utøvast av kommunestyret sjølv jf. plan- og bygningslova § 3-3

- ❖ Planutvalet har dispensasjonsmynde for søknadar som gjeld nye bueiningar og nye fritidsbueiningar eller frådeling til nye bueiningar og nye fritidsbueiningar i LNF-område i hendhold til plan- og bygningslova kapittel 19
- ❖ Planutvalet er gitt mynde til å fastsette planprogram for reguleringsplanar jf. plan- og bygningslova § 11-13 (kommunestyret fastsett sjølv planprogram for kommuneplanens samfunns- og arealdel).
- ❖ Planutvalet er gitt mynde til å iverksette midlertidig dele- og byggeforbod etter plan- og bygningslova kapitel 13
- ❖ Planutvalet har mynde til å fatte vedtak i sakar innanfor sitt mynde som skulle vert avgjort av eit annet organ i dei høve det er naudsynt med ei rask avgjerd som ikkje gjer det mogleg å kalle inn det organet som skulle tatt avgjerd i saka jf. kommuneloven § 11-8.
- ❖ Behandle klagesaker innan alle ovanfornemnde lovverk før oversending til ekstern klageinstans. Dersom det etter særlov ikkje finst ekstern klageinstans, skal formannskapet som kommunen sitt faste klageorgan, behandle saka.

Mynde som er gitt planutvalet etter dette reglementet kan ikkje vidaredelegerast.

## 9. Valstype

### 9.1 Heimel, funksjon og oppgåver

Heimel i vallova § 4-1:

*I hver kommune skal det være et valgstyre som velges av kommunestyret selv.*

Funksjon og oppgåver:

Formålet med vallova, og organ som vert oppretta i medhald av denne, er å legge forholda til rette for at innbyggjarane ved “*frie, direkte og hemmelige valg skal kunne velge sine representanter til Stortinget, fylkesting og kommunestyrer.*”

### 9.2 Innstillingsrett

Innstiller til kommunestyret i alle saker innanfor vallova sitt saksområde der kommunestyret ikkje har delegert sin avgjerdsmynde.

### 9.3 Delegert mynde

Gjere vedtak etter vallova der mynde ikkje ligg til kommunestyret.

Mynde som er gitt valstyret etter dette reglementet kan ikkje vidaredelegerast.

## **10. Ad hoc utval**

### **10.1 Heimel, funksjon og oppgåver**

Kommuneloven § 5-7 (Utval)

Kommunestyret har i den politiske organiseringa gitt ad hoc utval følgjande funksjon:

- ❖ Kommunestyret skal ved oppnemning fastsette tydeleg mandat.
- ❖ Kommunestyret skal fastsette tidsfrist for når utvalet skal vere ferdig med sitt arbeid.
- ❖ Møta i eit ad hoc utval er offentlege med mindre utvalet fattar vedtak om lukking med heimel i lov.
- ❖ Ad hoc utvala skal i første møte fastsette vidare møtedatoar.  
Dese skal leggast inn i kommunen sin politiske møtekalender og leggast ut på nett på vanleg måte.
- ❖ **Medlemmane i ad hoc utval blir vald frå kommunestyret, ev. råd for funksjonshemma/eldrerådet/ungdomsrådet.**
- ❖ Leiaren for utvalet er saksordførar når saka skal behandlast i kommunestyret.
- ❖ Kommunestyret skal for kvar oppnemning av ad hoc utval vurdere om tillitsvalte bør vere representert.
- ❖ **Kommunedirektør** stiller med sekretær.

### **10.2 Innstillingsrett**

Innstiller til kommunestyret dersom dette går fram av mandatet kommunestyret har gitt eit ad hoc utval ved oppnemning.

### **10.3 Delegert mynde**

Vil gå fram av mandatet kommunestyret har gitt ved oppnemning

**Mynde som er gitt ad hoc utval etter dette reglementet kan ikkje vidaredelegerast.**

## **11. Eldreråd**

### **11.1 Heimel, funksjon og oppgåver**

Kommuneloven § 5-12

*Kommunestyret og fylkestinget skal selv velge et eldreråd, et råd for personer med funksjonsnedsettelse og et ungdomsråd eller annet medvirkningsorgan for ungdom.*

*Flertallet av medlemmene i eldrerådet skal på valgtidspunktet ha fylt 60 år.*

I Forskrift av 17.juni 2019, § 2 heiter det:

*Rådet har rett til å uttale seg i alle saker som gjelder eldre.*

*Slike saker skal kommunestyret eller andre folkevalgte organer forelegge for rådene.*

*Kommunestyret skal etablere rutiner som sikrer at rådene mottar sakene på et så tidlig tidspunkt i saksbehandlingen, at uttalelsene fra rådene har mulighet til å påvirke utfallet av saken. Rådene kan også ta opp saker på eget initiativ. Uttalelsene skal følge saksdokumentene til det kommunale eller fylkeskommunale organet som avgjør saken endelig.*

*Rådet skal ikke behandle saker som gjelder avgjørelser overfor enkeltpersoner.*

*Kommunestyret kan gi rådet myndighet til å fordele bevilgninger.*

#### 11.2 Innstillingsrett/rådgjevande organ

Forskrifta § 2:

*Eldrerådet, rådet for personer med funksjonsnedsettelse og ungdomsrådet eller et annet medvirkningsorgan for ungdom er **rådgivende organer** for kommunen og fylkeskommunen.*

*Kommunestyret og fylkestinget kan gi medlemmer av rådene møte- og talerett i folkevalgte organer.*

#### 11.3 Delegert mynde

Utarbeide årsmelding som skal sendast til kommunestyret.

## 12. Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

#### 12.1 Heimel, funksjon og oppgåver

Kommuneloven § 5-12

*Kommunestyret skal selv velge et råd for personer med funksjonsnedsettelse.*

I Forskrift av 17.juni 2019, § 2 heiter det:

*Rådet har rett til å uttale seg i alle saker som gjelder personer med funksjonsnedsettelse.*

*Slike saker skal kommunestyret eller andre folkevalgte organer forelegge for rådene.*

*Kommunestyret skal etablere rutiner som sikrer at rådene mottar sakene på et så tidlig tidspunkt i saksbehandlingen, at uttalelsene fra rådene har mulighet til å påvirke utfallet av saken. Rådene kan også ta opp saker på eget initiativ. Uttalelsene skal følge saksdokumentene til det kommunale eller fylkeskommunale organet som avgjør saken endelig.*

*Rådet skal ikke behandle saker som gjelder avgjørelser overfor enkeltpersoner.  
Kommunestyret kan gi rådet myndighet til å fordele bevilgninger.*

#### **12.2 Innstillingsrett**

Rådgivende organ for kommunen. *Kommunestyret og fylkestinget kan gi medlemmer av rådene møte- og talerett i folkevalgte organer.*

#### **12.3 Delegert mynde**

Utarbeide årsmelding som skal sendast kommunestyret.

### **13. Ungdomsråd**

#### **13.1 Heimel, funksjon og oppgåver**

Kommuneloven § 5-12

*Kommunestyret skal selv velge et ungdomsråd. Ungdomsrådet eller annet medvirkningsorgan for ungdom skal ha en valgperiode på inntil to år. Medlemmene i ungdomsrådet eller annet medvirkningsorgan for ungdom skal på valgtidspunktet ikke ha fylt 19 år.*

I Forskrift av 17.juni 2019, § 2 heiter det:

*Rådet har rett til å uttale seg i alle saker som gjelder barn og unge.*

*Slike saker skal kommunestyret eller andre folkevalgte organer forelegge for rådene.*

*Kommunestyret skal etablere rutiner som sikrer at rådene mottar sakene på et så tidlig tidspunkt i saksbehandlingen, at uttalelsene fra rådene har mulighet til å påvirke utfallet av saken. Rådene kan også ta opp saker på eget initiativ. Uttalelsene skal følge saksdokumentene til det kommunale eller fylkeskommunale organet som avgjør saken endelig.*

*Rådet skal ikke behandle saker som gjelder avgjørelser overfor enkeltpersoner.*

*Kommunestyret kan gi rådet myndighet til å fordele bevilgninger.*

#### **13.2 Innstillingsrett**

Rådgivende organ for kommunen. *Kommunestyret og fylkestinget kan gi medlemmer av rådene møte- og talerett i folkevalgte organer.*

#### **13.3 Delegert mynde**

Utarbeide årsmelding som skal sendast kommunestyret.

## **14. Sakkunnig nemnd og sakkunnig ankenemnd**

### **14.1 Heimel, funksjon og oppgåver**

Eigedomsskattelova og eigedomsskattevedtekter for Vestnes kommune vedtekne av Vestnes kommunestyre.

Funksjon og oppgåver:

Fastsetje takst for eigedomar i Vestnes kommune på bakgrunn av forslag frå eigedomsskattekontoret. Sakkunnig nemnd fastset rammer og retningslinjer for taksering.

### **14.2 Innstillingsrett**

Sakkunnig nemnd innstiller i klagesaker til sakkunnig ankenemnd.

Sakkunnig nemnd innstiller til kommunestyret i sak om eigedomsskattevedtekter for Vestnes kommune.

### **14.3 Delegert mynde**

- ❖ Sakkunnig nemnd avgjer saker etter Eigedomsskattelova § 5 (fritak)
- ❖ Sakkunnig nemnd avgjer saker om omtaksering.
- ❖ Sakkunnig ankenemnd avgjer klagesaker

Mynde som er gitt sakkunnig nemnd/sakkunnig ankenemd etter dette reglementet kan ikkje vidaredelegerast.

## **15. Næringsfondsutval**

### **15.1 Heimel, funksjon og oppgåver**

Heimel i kommuneloven § 5-7:

Kommunestyret kan gi faste utval avgjerdsmynne i alle saker der ikkje anna følgjer av lov.

Gitt endra funksjon ved kommunestyrevedtak av 17.september 2020.

Midlertidig forskrift av juni 2020 om tilskott til kommunale næringsfond.

### **§ 1 Formål**

Covid 19-utbruddet har gitt store utfordringer for næringslivet i mange kommuner. Tilskuddet skal sette kommuner i stand til å legge til rette for økt aktivitet, sysselsetting og verdiskaping basert på lokale utfordringer, behov og potensial.

#### **15.2 Innstillingsrett**

Utvalet behandler ikke saker som skal vidare til andre kommunale organ.

#### **15.3 Delegert mynde**

- Gjere vedtak om tildeling av midlar.
- Formannskapet er klageinstans i desse sakene.

## **16 Administrasjonsutvalet**

#### **16.1 Heimel, funksjon og oppgåver**

##### ***§ 5-11. Partssammensatte utvalg (administrasjonsutvalg)***

*I alle kommuner og fylkeskommuner skal det opprettes ett eller flere partssammensatte utvalg (administrasjonsutvalg) for behandling av saker som gjelder forholdet mellom de ansatte og kommunen eller fylkeskommunen som arbeidsgiver. Hvis minst 3/4 av de ansatte ønsker det, kan slike utvalg erstattes med andre ordninger.*

*Partssammensatte utvalg settes sammen av representanter for kommunen eller fylkeskommunen og for de ansatte. De ansattes representanter velges av og blant de ansatte for to år av gangen. Flertallet i utvalget skal bestå av representanter for kommunen eller fylkeskommunen. Kommunestyret og fylkestinget velger selv kommunens eller fylkeskommunens representanter og utvalgets leder og nestleder blant disse.*

*For de ansattes representanter gjelder valgbarhetsreglene i §§ 7-2 og 7-3, bortsett fra bostedskravet.*

*For øvrig gjelder de samme bestemmelserne som for andre utvalg etter § 5-7.*

#### **16.2 Innstillingsrett**

Utvalet innstiller i saker som går direkte frå utvalet til kommunestyret. Dette kan vere reglement og planar som skal vedtakast av kommunestyret sjølv. Det gjeld også Vestnes kommune sin overordna arbeidsgjeverpolitikk og saker som omhandler omstilling og omorganisering.

### 16.3 Delegert mynde

Behande saker av overordna karakter som gjeld forholdet mellom dei tilsette og kommunen som arbeidsgjevar.

Mynde som er gitt administrasjonsutvalet etter dette reglementet kan ikkje vidaredelegerast.

## 17. Kommunedirektøren

### 17.1 Heimel, funksjon og oppgåver

Kommunedirektøren sine oppgåver er heimla i kommuneloven § 13.

Funksjon og oppgåver:

- ❖ Øvste leiar for den kommunale organisasjonen.
- ❖ Har det løpende personalansvaret for den einskilde, inkludert tilsetting, oppseiling, suspensjon, avskjed og andre tenestlege reaksjonar, dersom ikkje anna er fastsett i lov.
- ❖ Funksjon, delegering og oppgåver slik det til ei kvar tid går fram av Vestnes kommune sitt økonomi-, gjelds- og finansreglement.
- ❖ Skal sjå til at saker som blir lagt fram for politiske organ er forsvarleg utgreidd. Utgreiinga skal gi eit faktisk og rettsleg grunnlag for å treffe vedtak.
- ❖ Skal syte for at politiske vedtak blir iverksette utan ugrunna opphald.
- ❖ Skal syte for at administrasjonen blir driven i samsvar med lover, forskrifter og overordna instruksar, og at den er gjenstand for betryggande kontroll.
- ❖ Ansvarleg for internkontrollen etter kommunelova §25 og skal rapportere til kommunestyret om internkontroll og om resultat frå statleg tilsyn minst éin gong i året.
- ❖ Tilsyn med at vidaredelegeret mynde blir utøvd forsvarleg.

### 17.2 Innstillingsrett

Innstiller i alle saker til alle politiske organ med unntak av kontrollutvalet.

I saker som går til endeleg avgjerd i kommunestyre, og som blir behandla først i formannskap, planutval, valstyre og ad hoc utval, er det dette organet som innstiller til kommunestyret.

Har møte- og talerett i alle kommunale folkevalde organ med unntak av kontrollutvalet.

### 17.3 Delegert mynde

- I økonomisaker går **kommunedirektør** sitt mynde fram av til ei kvar tid gjeldande økonomi-, finans- og gjeldsreglement.
- **Kommunedirektør** har mynde til å treffe vedtak i enkeltsaker eller i sakar som ikkje er av prinsipiell karakter innan alle sektorar og etter alle særlover dersom kommunestyret ikkje bestemmer noko anna, jf. kommuneloven § 13.
- Unntak der **kommunedirektør** ikkje har mynde etter særlov:
  - Barnevernleiar utfører gjeremål som ligg til denne stillinga, jf. barnevernlova § 2-1
  - Kommuneoverlegen kan ta prinsipielle avgjelder etter folkehelselova og andre særlovar **innan for sitt fagfelt**.
- Dersom det oppstår tvil, skal **kommunedirektør** drøfte med ordførar om ei sak er av prinsipiell karakter eller ikkje. Ordførar tek avgjerd om saka skal leggast fram til politisk behandling.
- **Kommunedirektør** får mynde til å opprette og nedlegge stillinger innanfor dei økonomiske og organisatoriske rammer kommunestyret set.
- Reglement innan personalområdet, som er vedtekne av kommunestyret, set rammene for **kommunedirektøren** sine avgjelder ved gjennomføring av det løpende personalansvaret.
- **Kommunedirektøren** får mynde til å behandle klagesaker som underinstans dersom saka skal endeleg avgjera av eksternt organ (t.d. **Statsforvaltaren**).  
Unntak er klagesaker som er delegert til Planutvalet.